

³
875/1957. R.

466
29. juni 1957. 089

Riksrevisjonen,
Personalsjefen.

Kassasjon av politiregnskaper m. v. fra 1921/22 og senere
tid ved Riksrevisjonens 16. kontor.

- ./.
- Vedlagt følger avskrift av brev 24. d. m. fra Justis- og Politidepartementet til riksarkivaren om kassasjon av politiregnskaper m. v. ved Riksrevisjonens 16. kontor. Departementet har dermed godkjent riksarkivarens forslag til kasseringsregler for disse regnskaper i brev til departementet 11. april 1957. Avskrift av dette brev vedlegges. Jfr. brev s. d. herfra til Riksrevisjonen, Personalsjefen, om kassasjon av fengselsregnskaper.
- ./.

A. St.

H. T.

RA.J.nr. 895/1957. R.

Kassasjonsregler for arkivmateriale i statens institusjoner.

- ./.. Går med vedlegg tilbake til Det kgl. Kirke- og undervisningsdepartement.
- ./.. En legger ved et gjennomslag av Riksarkivets brev til Rasjonaliseringsdirektoratet 22. juni 1957 og viser for øvrig til det notat som riksarkivaren sendte til ekspedisjonssjefen for Kulturavdelingen 11. desember 1956 etter avtale i konferanse 5. desember.

Riksarkivarembetet, Oslo, 1. juli 1957.

A. St.

J.P.

912/1957. R.

8. november 1957.

Det kgl. Finansdepartement,
Rasjonaliseringsdirektoratet,
Klingenbergt. 7 VI,
Oslo.

Kassasjonsføresegner.

Ein viser til brev frå Rasjonaliseringsdirektoratet l. juli 1957 og til konferanse hjå rasjonaliseringsdirektøren 20. september 1957 om ålmenne kassasjonsreglar for arkivsaker som vert til heretter i departementa.

Riksarkivaren er samd i at det hjå oss, som i andre land, trengst tiltak med det føremål å halda nede tilvoksteren av nye arkivsaker i departementskontora. Det gjeld tiltak som kan halda nede produksjonen og tiltak med sikte på å skilja ut og kassera slike arkivsaker som det ikkje er grunn til å gøyma på lenger enn ei viss tid. Ein meiner difor at det vil vera gagnleg å få ålmenne kassasjonsreglar for arkivsaker som vert til heretter i departementskontora. Innhaldet i slike kassasjonsreglar må ikkje verta fastsett utan at Riksarkivet vert teki med på råd. Det er ei sak for Riksarkivet i samarbeid med kvart einskilt departement å ta stode til spørsmålet om kva slag arkivsaker det er som det truleg ikkje kjem til å verta bruk for i framtida anten til administrative eller andre praktiske føremål eller til granskingsføremål. Men Riksarkivet kan ikkje utan større personale og betre arbeidstilhøve i det heile og utan nær kjennskap til den framtidige kontor- og arkivskipnaden i alle greiner av sentraladministrasjonen ta på seg å arbeida ut framlegg til slike ålmenne kassasjonsreglar. Sidan Rasjonaliseringsdirektoratet for tida arbeider

med rasjonaliseringsplanar for sentraladministrasjonen, vil det truleg vera mest praktisk at Rasjonaliseringsdirektoratet sjølv har kassasjonsspørsmålet for auga samstundes med at det arbeider ut planar for modernisering og rasjonalisering av kontor- og arkivskipnaden i kvart einskilt departement. Det fyrste steget skulle då verta at det for eitt departement om gongen vart arbeidd ut nye arkivnyklar (diarieplaner, Aktenpläne) etter sakområdet no og etter den arkivskipnad ein reknar med å ha heretter, med ei oppdeling i sakgrupper som er høveleg både i det daglege arbeidet og med omsyn på kassasjonar. Derneft vert det ei oppgåve for riksarkivaren i samarbeid med kvart departement - og i tilfelle med rådfrå andre sakkunnige - å freista å finna ut kva sakgrupper det kan vera forsvarleg å kassera etter stuttare eller lengre tid.

Ein vil leggja til at det fyrste vilkåret for at det kan verta gode arkivtilhøve i departementa, er at Riksarkivet vert sett i stand til å ta imot avleveringar. Ein held dette for å vera den viktigaste rasjonaliseringsoppgåva i departementa no. Departementskontora bør ikkje ha arkivsakene sine til dei er 100 år gamle eller eldre. Problemet med å skaffa plass til arkiva kan ikkje løysast med kassasjonar.

A. St.

M. R.